


EIGARSKAPSMELDING – GOL KOMMUNE

Vedteke K-sak 34/2013 – 10.9.2013

Revidert K-sak 71/2014 – 11.11.2014

Revidert K-sak 15/2016 – 8.3.2016

Gol kommunestyre



Innhald

| | |
|--|----|
| EIGARSKAPSMELDING – GOL KOMMUNE | 1 |
| 1. Eigarstyring..... | 1 |
| 1.1 Hensikt med eigarstyring..... | 1 |
| 1.2 Eigarskapsmeldinga – oppbygging | 1 |
| 2. Gol kommune sin eigarskapspolitikk..... | 2 |
| 2.1 Motiv for eigarskap | 2 |
| 2.2 Retningsliner for eigarskap, leing og kontroll av selskap | 2 |
| 2.3 Val av selskapsform – kva vektlegg Gol kommune?..... | 5 |
| 2.4 Eigarstrategi gjennom året..... | 6 |
| 3. Selskapsform – val av selskapsform | 7 |
| 3.1 Val av selskapsform | 7 |
| 3.1.1 Kommunale føretak..... | 8 |
| 3.1.2 Vertskommunesamarbeid..... | 8 |
| 3.1.3 Interkommunale samarbeid (§ 27-selskap)..... | 9 |
| 3.1.4 Interkommunale selskap (IKS)..... | 10 |
| 3.1.5 Aksjeselskap (AS) | 10 |
| 3.1.6 Stiftingar | 11 |
| 4. Eigarinteresser..... | 12 |
| 4.1 Skjematisk oversyn – selskap der Gol kommune er eigar eller deltakar med meir enn 5 % av selskapet eller eig aksjar til ein verdi større enn 1 mill. kr..... | 12 |
| 4.2 Oversyn – selskap eller samarbeid der Gol kommune er direkte eigar eller deltakar med bundne avtale om drift..... | 13 |
| 4.2.1 Vertskommunesamarbeid– § 28 (Kommunelova) | 13 |
| 4.2.2 Interkommunalt samarbeid – § 27 (Kommunelova) | 13 |
| 4.2.3 Interkommunale selskap – IKS | 13 |
| 4.2.4 Heileigde aksjeselskap (AS) | 13 |
| 4.2.5 Deleigde aksjeselskap (AS) – selskap der Gol kommune sin eigardel > 20.000 | 13 |
| 4.2.6 Stiftingar | 13 |
| 4.3 Oversyn – selskap som Gol er indirekte eigar av..... | 14 |
| 4.3.1 Aksjeselskap (AS)..... | 14 |
| 4.3.2 Indirekte eigde aksjeselskap..... | 14 |
| 4.3.3 Andre samarbeidsformar | 15 |
| 4.4 Vertskommunesamarbeid etter § 28 i Kommuneloven..... | 16 |

| | | |
|-------|--|----|
| 4.4.1 | NAV Gol/Hemsedal – oppstart 1.1.2013 – K-sak 48/2012 | 16 |
| 4.4.2 | IKT Hallingdal – Kommunelova sin § 28-1b – oppstart 1.1.2015 – tidligere virtuell organisasjon | 18 |
| 4.4.3 | Hallingdal Barnevernsteneste –frå 1.9.2010– K-sak 26/2010..... | 20 |
| | (org. nr. 996 101 649)..... | 20 |
| 4.5 | Interkommunalt samarbeid etter § 27 i Kommuneloven | 22 |
| 4.5.1 | Skatteoppkreveren i Hallingdal – starta 1.6.2005 – K-sak 14/2004 | 22 |
| | (org. nr. 988 297 011)..... | 22 |
| 4.5.2 | Hallingdal Etablerersenter..... | 24 |
| 4.6 | Interkommunale selskap – IKS | 26 |
| 4.6.1 | PPT og OT Nedre Hallingdal – stifta 28.8.1996 (org. nr. 976 634 926)..... | 26 |
| 4.6.2 | Kommunerevisjon IKS – stifta sommaren 2003 (org. nr. 976 634 934) | 29 |
| 4.6.3 | Hallingdal Renovasjon IKS – oppstart 1984 (org. nr. 951 608 629)..... | 32 |
| 4.6.4 | Hallingdal Brann- og redningsteneste IKS – stifta 1.1.2005 (org. nr. 980 611 086) | 35 |
| 4.6.5 | IKA Kongsberg IKS – stifta 13.11.2002 (org. nr. 971 309 040)..... | 38 |
| 4.7 | AKSJESELSKAP – heileigd AS | 41 |
| 4.7.1 | Gol Kommunale Eigedomar AS (GKE AS)– stifta 21.2.2002 (org. nr. 984 453 086)..... | 41 |
| 4.8 | AKSJESELSKAP – deleigde AS | 43 |
| 4.8.1 | Gol Skystasjon AS– stifta 28.6.1990 (org. nr. 958 356 854)..... | 43 |
| 4.8.2 | Gol Sentrum AS– stifta 21.12.1992 (org. nr. 965 511 237) | 45 |
| 4.8.3 | VINN AS Hallingdal– stifta 30.4.1991 (org. nr. 960 629 779) | 47 |
| 4.8.4 | Hallingdal Kraftnett AS– stifta 10.11.1994 (org. nr. 960 629 779) | 50 |
| 4.8.5 | Gol Reisemål AS– stifta 31.5.1995 (org. nr. 974 520 974)..... | 53 |
| 4.8.6 | Vardar AS– stifta 7.12.1993 (org. nr. 977 028 442)..... | 56 |

1. Eigarstyring

Eigarskapsmeldinga for Gol kommune er meint og vere eit overordna og politisk styringsdokument som skal bidra til og gje klare og eintydige signal til selskapa frå eigar og samstundes gje klare og eintydige signal til dei som representerer Gol kommune i formelle fora som generalforsamling og representantskap. Eigarstyring vil også gjere tydeleg kva for ansvar, rolle og mynde politikarane har.

1.1 Hensikt med eigarstyring

Hensikta med eigarstyring er å forme kva som skal vere kommunen sin strategi med verksemda og gje verksemda målsettingar. Målsettingane skal vere nedfelt i vedtekter, strategi- og plandokument.

Eigarstyringa skal gje ein oversikt over kva for selskap som kommunen er involvert i og kva for politiske prinsipp som ligger til grunn for eigarskapet og kva for spelerom som verksemda har reint juridisk. Dette medfører samstundes risiko for at føremålet med verksemda kan endre seg etter dei politiske retningane som til ein kvar tid er gjeldande.

For interkommunale selskap vil eigarstyring i ein kommune kunne vere annleis enn tilsvarande i ein annan kommune, noko som sjølvstøtt gjer eigarstyring meir komplisert.

I arbeidet er nytta KS sine retningsliner for eigarstyring.

1.2 Eigarskapsmeldinga – oppbygging

- Kapittel 2 gir eit oversyn over kvifor eigarskapsmelding er viktig for Gol kommune
- I kapittel 3 drøftast prinsipp for eigarstyring
- I kapittel 4 er det ei opplisting av selskap som Gol kommune er engasjert i, samt ei opplisting av indirekte eigarskap og samarbeid som kommunen har bunde seg til.

Dei største selskapa er presentert med nærare informasjon om føremål, vedtekter og samarbeidsavtale, organisering, styret og plikt for styret, Gol kommune sitt engasjement m.v.

2. Gol kommune sin eigarskapspolitikk

2.1 Motiv for eigarskap

I eigarskapsmeldinga for Gol kommune blir skilt mellom 4 motiv for kommunalt eigarskap:

Finansielt motivert:

Kommunen ynskjer å avgrense økonomisk risiko og få eit økonomisk utbytte av investeringa. Dette er naturleg for selskap som er forretningsmessig orientert og som følgjer bedriftsøkonomiske kriterier for lønsemd.

Politisk motivert:

Kommunen ynskjer å engasjere seg i noko som vert sett på som strategisk nyttig for kommunen. Motivet er ikkje lønsemd eller tenesteproduksjonen.

Samfunnsmessig motivert:

Kommunen ynskjer å oppnå eit – totalt sett – meir samfunnsøkonomisk gunstig resultat. Engasjementet og styring av oppgåvene vil vere det vesentlege.

Effektivisering av tenesteproduksjon:

Kommunen meiner at ein kan oppnå meir effektiv tenesteproduksjon og betre forvaltning ved eigarskapet.

2.2 Retningslinjer for eigarskap, leing og kontroll av selskap

KS har i sine anbefalingar til kommunalt eigarskap utarbeida 19 råd om kommunalt eigarskap. I tillegg har administrasjonen teke opp andre punkt som kan vere vesentleg og behandle. Hovudpunkta blir nemnd og samstundes blir Gol kommune si haldning beskriven:

1. Overordna prinsipp

Eigarskapspolitikken uttrykk dei overordna prinsippa som kommunen legg til grunn for forvaltning av sine selskap og eignelutar.

I eigarskapsmeldinga gir kommunen som eigar prinsipielle signal til dei som representerer kommunen i selskapet.

Meldinga bør vere fundert mest mogeleg tverrpolitisk for å unngå at eigarskapet blir inkonsekvent.

Eigarskapspolitikk er å vere seg bevisst at aksjonærar i eit aksjeselskap har mynde i ei generalforsamling og som deltakar i eit IKS har deltakarane mynde i representantskapet. Kommunen som eigar vel representantar til å utøve sin myndighet på generalforsamling eller i representantskapet.

2. Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalgte

Gol kommune skal gjennomføre opplæring i eigarstyring samstundes med den obligatoriske folkevaldopplæringa etter kvart kommunestyreval.

3. Utarbeiding av eigarskapsmeldingar

Gol kommune si eigarskapsmelding skal bli oppdatert kvart anna år av Kommunestyret sjølv. Oppdatering av selskapsopplysningar skal oppdaterast årleg. Eigarskapsmeldinga skal reviderast særskilt i samband med revidering av kommuneplan.

4. Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtalar/vedtekter

Gol kommune skal ha eit langsiktig og ansvarleg perspektiv på eigarskapet i dei ulike selskapa kommunen er engasjert i. Målet med eigarskapet skal vere tydeleg og må gå fram av selskapsavtalen/vedtekta til det ein skilde selskap.

Selskapet sitt samsfunnsansvar og haldningar til openheit, likestilling og etikk er viktig å vurdere.

5. Vurdering og val av selskapsform

Ved oppretting av selskap eller endring av selskapsform skal Gol kommune vurdere og legge vekt på følgjande tema:

- Politisk styring
- Økonomisk ansvar og risiko for kommunen
- Selskapet sin fridom og fleksibilitet
- Juridisk status

6. Fysisk skile mellom monopol og konkurranseutsett verksemd

For selskap som kan ha både monopol- og konkurranseutsett føremål skal Gol kommune ha ei særskild vurdering av organiseringa til selskapet

7. Tilsyn og kontroll

Kontrollutvalet kan lage ein årleg plan for gjennomføring av selskapskontroll. I denne kontrollen skal eigarskapsmeldinga vere det mest sentrale dokumentet for eigarstyring. Kontrollutvalet skal sjølv vurdere om det er behov for om dei skal vere til stades under generalforsamlingar.

8. Samansetting og funksjon til eigarorgan

Aksjelova seier ikkje noko om kven som skal møte som aksjonær i generalforsamlingar. Etter kommunelova vil det vere Kommunestyret sjølv om ikkje anna er bestemt.

Ordføraren er Gol kommune sin eigarrepresentant under generalforsamlingar i aksjeselskap.

Varaordfører kan møte i staden for ordfører.

I selskap der kommunen eig meir enn 33,3 % av aksjane skal Gol kommune alltid vere representert under generalforsamlingar. Ordfører vurderer sjølv om an skal vere til stade i selskap der kommunen har mindre eigardel.

I andre saker enn ordinære generalforsamlingssaker med heimel i aksjelova skal ordfører få mandat frå Kommunestyret, jamfør punkt 8 i Kommunelova.

9. Gjennomføring av eigarmøter

Gol kommune skal ha eit klart skilje mellom dei politiske funksjonane som vert utøva i kommunalt valde organ og dei selskapsfunksjonane som vert utøva i dei styrande organa i selskapet ein er vald inn i.

I saker til generalforsamlinga som krev ei politisk avklaring skal kommuna sine forvaltningsreglar for saksførebuing følgjast.

10. Eigar sine krav til profesjonelle styrer i kommunal sektor

Gol kommune forventar at eit styre skal ha den naudsynlege kompetanse til å følgje opp eigar sine mål samt generell kompetanse innan leiing og verksemda sitt føremål.

11. Valkomité for utnemning av styre i aksjeselskap og interkommunale selskap

Valkomitéen Gol kommune er valkomité og fremmer innstilling til kommunestyret. Valkomitéen kan be rådmannen førebu kriterier for styret sin komplementære kompetanse.

12. Rutinar for kompetansevurdering av selskapsstyrene
Valkomitéen skal drøfte kompetansebehovet med styreleiar.

13. Styresamansetning i konsernmodell
Ved konsernorganisering skal dotterselskap ha andre styremedlem enn morselskapet.

14. Oppnevning av vararepresentanter
Gol kommune skal ha ordning med numerisk val av vara-representantar.

15. Habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styrene
Ved val av leiande politikarar inn i selskapsstyrer må det gjerast ei særskilt vurdering av kva for habilitetsproblem som kan oppstå.

16. Kjønnsrepresentasjon i styrene
Gol kommune vil arbeide for lik kjønnsrepresentasjon i styrer og dotterselskap til selskap der kommunen er eigar.

17. Godtgjering til styremedlemmer
Gol kommune sine medlemmer til styre i bedrifter som kommunen eig heilt eller delvis skal få godtgjering som andre styremedlemmer i bedrifta. Nivå på styregodtgjering skal i så stor grad som mogeleg reflektere selskapet sin kompleksitet, men samstundes det generelle løns- og godtgjeringsnivået i Gol kommune.

18. Arbeidsgjevaransvaret i sjølvstendige rettssubjekt
For selskap som er organisert som sjølvstendige rettssubjekt skal styret vurdere behovet for å vera medlem i ein arbeidsgjevarorganisasjon.

19. Utarbeiding av etiske retningslinjer
Gol kommune vil at etiske prinsipp og samfunnsmessig ansvarlig forretningsdrift vert forankra i selskap som kommunen eig heilt eller delvis. Styret for det einskilde selskap blir ansvarleg for at dei etiske retningslinjene blir utarbeidd og følgd.

20. Administrasjonssjefen sin rolle i kommunale føretak
Rådmannen eller hans underordna skal ikkje sitte i styret for selskap der kommunen har eigarinteresse. Rådmannen kan overfor kommunale føretak utøve tilsynsfunksjonar på vegne av Kommunestyret og kan på eige initiativ fremje saker for Kommunestyret som gjeld det kommunale føretaket og verksemda til føretaket.

21. Registrering av verv i offentlege registre
Dei tillitsvalde skal registrere seg og sine verv i [Styrevervregisteret](#)

22. Oppretting av dotterselskap eller medeigarskap i andre selskap
Kommunestyret eller formannskap skal ha fått til uttale framlegg om oppretting av dotterselskap eller medeigarskap innan det blir behandla i generalforsamling eller representantskap for selskapet

23. Kven kan teikne selskapet (ikkje eige punkt i KS sitt oversyn):
Kva for fullmakter eit selskap skal ha bør vere nemnd i vedtektene som [prokura](#) og [signatur](#).

2.3 Val av selskapsform – kva vektlegg Gol kommune?

Følgjande forhold skal vere vurdert før ein vel å etablere eit føretak eller selskap eller gå inn som medeigar eller deltakar med andre:

Interkommunale selskap og interkommunalt samarbeid

- Kva for mål skal ein ha for samarbeidet på kort og lengre sikt
- Kva for rapportering skal finne stad til deltakarkommunane - Kommunestyret
- I kva for grad ynskjer ein politisk styring og i kva for grad blir Gol kommune sin reelle styring ivareteke
- Korleis skal ein evaluere samarbeidet og kva blir konsekvensane om ein ikkje innfrir måla

Aksjeselskap og Kommunale føretak

- Kva skal vere måla for selskapet på kort og lengre sikt
- I kva for grad ynskjer ein politisk styring, i kva for grad kan ein utøve aktivt eigarskap og i kva for grad blir Gol kommune sin reelle styring ivareteke
- I kva for grad vil kommunen ta på seg økonomisk ansvar overfor selskapet
- Kva for risiko m.o.t. økonomi, marknad, miljø og samfunnssikkerheit, kvalitet og kvantitet tek kommunen på seg og kva betyr dette for sluttbrukar og innbyggjar
- I kva for grad skal selskapet få økonomisk fridom og styre ressursar sjølv
- I kva for grad vil ein kunne gjere om på eigarforholdet i ettertid
- I kva for grad skal selskapet vere underlagt forvaltningslov og offentlighetslov
- Kva for skatte- og avgiftsmessige forhold skal styrast etter
- I kva for grad skal reglar for offentlege innkjøp gjelde
- Kva for arbeidsgjevarpolitikk skal selskapet styrast etter
- I kva for grad skal selskapet kunne ta på seg ytterlegare forpliktingar som låneopptak, aksjekjøp i andre selskap og tilsvarande
- I kva for grad skal ein utøve kontroll og tilsyn med selskapet
- Kva for rapportering er hensiktsmessig til eigar
- Kva for rapportering skal finne stad til Kommunestyret og i kva grad skal denne vere offentleg
- Korleis skal ein evaluere selskapet og kva blir konsekvensane om selskapet ikkje innfrir måla

2.4 Eigarstrategi gjennom året

Kommunestyreperiode:

Første år etter val

a) Mai - temadag for kommunestyret – gjennomgang av eigarskapsmelding

Andre år etter val

b) Mai - temadag for kommunestyret – hovudrullering av eigarskapsmelding

Årleg:

c) Juni - administrativ oppdatering av selskapsopplysningar – kapittel 4

d) September årleg rullering av kapittel 4 i Eigarskapsmelding

3. Selskapsform – val av selskapsform

Figuren nedanfor syner nokre av dei moglege selskapsforma ein kommune må vurdere når det gjeld etablering av selskapsform. Figuren tek med også interkommunale selskap og føretak.


| Forvaltning | | | Fristilling |
|--|--|--|--|
| Konkurransesituasjon | | | |
| <i>Kommuneloven</i> | Interkommunale selskap | Aksjeloven | Stiftelsesloven |
| Etat (§10) Institusjon (§11) Foretak (kap.11) Vertskommune (§28) Samarbeid (§27) Grunnstruktur: -Kommunestyret -Formannskap/Utvalg -Rådmann "Eiere": -Innbyggere -Næringsliv Eiers(kommunens) ansvar -Ubegrenset -Ordfører juridisk person Integrert del av kommunen | Interkommunalt selskap (IKS) Grunnstruktur: -Representantskap -Styre -Daglig leder Eiere: Begrenset Eiers ansvar: Ubegrenset Styrerepresentanter: Ubegrenset økonomisk og strafferettslig ansvar (solidarisk økonomisk ansvar) jfr akse,- IKS- og Stiftelsesloven Selvstendig rettssubjekt | Aksjeselskap (AS) Grunnstruktur: -Generalforsamling -Styre -Daglig leder Eiere: Begrenset Eiers ansvar: Begrenset til innskutt kapital | Stiftelse Grunnstruktur: -Styre -Daglig leder Ingen eiere |

3.1 Val av selskapsform

Kommunen står i prinsippet fritt til og sjølv velje selskapsrom for dei selskapa dei etablerer. Som eit minimum bør følgjande tema vurderast:

- I kor stor grad ynskjer ein politisk styring
- I kor stor grad inneberer etableringa økonomisk ansvar og risiko for kommunen
- I kor stor grad skal selskapet få fridom og fleksibilitet i si verksemd
- Kva juridisk status skal selskapet ha i høve til t.d.
 - Forvaltningslov
 - Offentlegheitslov
 - Reglar for offentlege anskaffingar
 - Reglar for moms- og skatt

Ein kan illustrere kva for styring og kontroll kommunen kan ha som synt i figuren under:



3.1.1 Kommunale føretak

Kommunale føretak kan etablerast og regulerast i samsvar med Kommuneleova §§ 61 – 75. Kommunale føretak er ein del av kommunen som rettssubjekt, og er underlagt kommunestyret som øvste myndigheit. Kommunestyret fastsetter rammer og mål for føretaket og styret sin mynde til å nå desse måla gjennom vedtektene. Kommunestyret kan også sette klare grenser for kva som Kommunestyret sjølv må godkjenne for at eit vedtak skal vere bindande.

Rådmannen skal ha tilsynsmynde over kommunale føretak.

Eit kommunalt føretak skal ha eit styre med alminneleg mynde til å treffe avgjersler i saker som er naturleg for styret og avgjere. Kommunestyret skal – om ikkje anna er bestemt – velje styremedlemmer til styret.

Styret for føretaket skal utarbeide ein styreinstruks som skal vere kjent for Kommunestyret. Styret skal vidare tilsette dagleg leiar som skal ha ansvaret for dagleg drift av føretaket. Dagleg leiar er ansvarleg overfor styret. Styret skal sjå til at det finst ein instruks for dagleg leiar.

Eit kommunalt føretak er underlagt Kommunestyret i Gol sin budsjettmynde og det er Kommunen sitt budsjett som setter rammer for føretaket sin verksemd. Eit kommunalt føretak må følgje Kommuneleova og forskrifter til denne sine reglar om årsbudsjett, økonomiplan, årsrekneskap og årsmelding. Kontrollutvalet skal handsame rekneskap og årsmelding før desse går til Kommunestyret.

Det kommunale føretaket har ei sjølvstendig stilling i høve til kommunen sin administrasjon og rådmannen har ikkje instruksjonsmynde overfor dagleg leiar. Rådmannen har ein kontrollfunksjon og kan instruere dagleg leiar om å utsette iverksetting av ein sak til Kommunestyret har behandla saka. Rådmannen skal i slike sakar legge fram si vurdering og si innstilling til Kommunestyret.

3.1.2 Vertskommunesamarbeid

I Kommuneleova § 28 er det laga reglar vertskommuneløysingar. Reglane er utvikla for å legge til rette for eit samarbeid mellom kommunar for å løyse lovpålagte kjerneområder. Det finst i lova to forskjellige måtar å organisere vertskommunesamarbeidet på:

- a) Vertskommune med ei felles, folkevald nemnd (§ 28 c)
- b) Administrativt vertskommunesamarbeid (§ 28 b)

Vertskommune med ei felles, folkevald nemnd (§ 28 c):

Er samarbeidet meint oppretta av prinsipielle årsaker og vil det vere stor grad av skjønn involvert, bør denne modellen nyttast. Den folkevalde nemnda får då ansvaret for at oppgåvene blir løyst innanfor rammar og delegasjon frå deltakarkommunane – regulert av ein avtale kommunane i mellom. Kommestyrene som er med i samarbeidet skal delegere same type kompetanse til nemnda.

Nemnda delegerer same type kompetanse til administrasjonen i vertskommunen som kan gjere vedtak i einskild-saker eller saker som ikkje har prinsipiell verknad.

Folkevalde organ i vertskommunen har ikkje instruksjons- eller omgjeringssmynde på det som gjeld verkeområdet for avtalen, men ein samarbeidskommune kan gje ein vertskommune instruks om korleis ein vil at saker skal handsamast som gjeld for den aktuelle samarbeidskommunen eller innbyggjarane i den aktuelle kommunen.

Administrativt vertskommunesamarbeid (§ 28 b):

Eit samarbeid etter den administrative modellen vert nytta på områder der det i liten grad blir gjort vedtak av prinsipiell viktighet. Deltakarkommunane gir frå seg mynde for oppgåvene direkte frå administrasjonen i deltakarkommunen til administrasjonen i vertskommunen.

I eit vertskommunesamarbeid skal det opprettast ein avtale om samarbeidet. Avtalen skal vedtakast av Kommunestyret sjølv og skal som minimum innehalde følgjande punkt:

- Deltakarar og kva for kommune som er vertskommune
- Kva for oppgåver og mynde som blir lagt til vertskommunen
- Frå kva for tid overføring av oppgåver og mynde skal vere gjeldande
- Korleis deltakarane i samarbeidet skal få melding om vedtak som blir gjort i vertskommunen
- Korleis det økonomiske oppgjeret mellom deltakarkommunane og vertskommunen skal vere
- Nærare reglar om korleis ein deltakarkommune kan avslutte samarbeidet og korleis samarbeidet kan opphøyra

Dersom samarbeidet er etter § 28 c, skal avtala også ha med føresegner om talet på representantar i nemnda frå kvar einskild deltakar.

I eit vertskommunesamarbeid er det vertskommunen som er arbeidsgivar for oppgåvene som er lagt til vertskommunen. Ved sjølv opprettinga av samarbeidet vil som hovudregel Arbeidsmiljøloven sine reglar om overdraging av verksemder gjelde slik at vertskommunen har plikt til å tilsette personell frå deltakarkommunane.

3.1.3 Interkommunale samarbeid (§ 27-selskap)

Kommunelova gjer reglar om samarbeidsavtaler mellom kommunar og/eller fylkeskommunar når samarbeidet er organisert med eige styre, såkalla § 27- selskap. Vedtektene kan bestemme ansvar og mynde for selskapet slik at det blir eit eige rettssubjekt, men dette er ikkje noko krav. Eit § 27 – selskap er utforma med tanke på driftsmesse og administrativt samarbeid og kan ikkje omfatte offentleg utøving av mynde.

Eit styre for eit interkommunalt samarbeid bør ha mynde til og gjere avgjersler som gjeld drift og organisering av verksemda. Styret sin rolle overfor dei forskjellige aktørane må utformast i vedtektene. Eit slikt selskap vil vere underlagt Forvaltningslova sine reglar om saksbehandling, habilitet, taushet osv.

Kommunestyret gjer sjølv vedtak om oppretting av styre i eit elskap eller samarbeid etablert etter reglane i Kommunelova sin § 27. Eit slikt styre kan berre handle på vegne av deltakarane etter fullmakt frå Kommunestyret. Fullmakter og føremål med samarbeidet skal vere klart i vedtektene. I same vedtekter skal også klargjerast om deltakarkommunane skal gjere innskot og kva for mynde styret har til å ta opp lån eller på anna vis pådra deltakarane økonomisk skuld. I kva for grad eigarstyring skal finne stad skal vere innarbeidd i vedtektene, t.d. om at einskilde saksar skal leggst fram for deltakarkommunane før styret fattar vedta i saka.

3.1.4 Interkommunale selskap (IKS)

Eit Kommunesamarbeid kan organiserast etter loven om interkommunale selskap. Eit IKS er eit eige rettssubjekt og er skilt frå eigarkommunane både rettsleg og økonomisk. Eit IKS skal ha ein selskapsavtale som m.a. fortel føremål for selskapet, kven som er deltakarar, kor stor del den einskilde deltakar har i selskapet, kor mange styremedlemmer som skal vere i styret. Vidare skal også talet på medlemmer i representantskapet vere skriven i selskapsavtalene.

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ og skal ha minst ein medlem frå kvar deltakar i selskapet. Gol kommune sin/sine medlem skal bli oppnemnd av Kommunestyret. Kommunestyret kan instruere eigne representantar. Det er representantskapet som vedtek budsjett for selskapet. Dersom budsjettet føreset tilskot frå deltakarane er vedtaket ikkje endeleg før budsjettet er behandla etter reglane i Kommuneloven.

Eit styre i selskapet blir vald av representantskapet og har ansvaret for at selskapet vert drive etter selskapet sitt føremål, selskapsavtale, årsbudsjett og andre rammar frå representantskapet. Styret tilset dagleg leiar om ikkje anna er meint i selskapsavtalen.

Leiar av selskapet svarar til styret som svarar til representantskapet. Medlemmene i representantskapet er ansvarleg overfor Kommunestyret som har vald dei. Den einskilde deltakarkommune kan ikkje utøve eigarmynde direkte overfor styre eller administrasjon i eit IKS.

Kvar av deltakarane har eit uavgrensa ansvar for ein brøkdel av selskapet sin økonomiske skuld. Selskapsavtalen kan avgrense ansvaret, men samla skal deltakarane sine ansvarsandelar utgjere selskapet sine samla skuld.

3.1.5 Aksjeselskap (AS)

Eit AS er regulert av Aksjeloven og er eit eige rettssubjekt. Ingen av deltakarane har eit personleg ansvar for selskapet si skuld og er økonomisk ansvarleg berre for den innskotne kapitalen.

Aksjeselskap blir nytta mest for verksemder som har eigne inntekter og som driv næringsverksemd. Eit aksjeselskap er også ei mogeleg organisering når det er fleire ulike grupper med eigarar og eigarane ynskjer å ha klart avgrensa ansvar overfor kvarande. Er aksjeselskapet ikkje i stand til og gjere opp for si skuld, skal selskapet takast under konkursbehandling.

Kva for oppgåver eit aksjeselskap med kommunal deltaking kan gjere må sjåast i samanheng med dei kommunalrettslege reglane.

I eit aksjeselskap har generalforsamlinga det øvste mynde og generalforsamlinga kan gjere vedtak i alle saker om ikkje annan lov hindrar dette. I generalforsamling møter kommunen normalt med éin person. Før generalforsamlinga blir halde kan Kommunestyret gjere vedtak som bind opp representanten si stemmegiving på generalforsamlinga.

I selskap der kommunen eig 100 % av aksjane kan Kommunestyret avgjere at eit samla kommunestyre skal vere generalforsamling. Om ikkje anne er vedteke er ordførar generalforsamling.

Om kommunen vil at visse saker skal behandlast av generalforsamlinga må dette skrivast i vedtektene. Kommunen kan også ha påverknad overfor eit aksjeselskap på nokre andre måtar:

- Dersom selskapet får kommunalt tilskot, kan ein laga vilkår for støtta.
- Kommunen kan utøve påverknad ved ulike kommunale løyver og reguleringar etter alminnelege offentleg-rettslege reglar
- Aksjelova er ikkje til hinder for uformell kontakt mellom politisk nivå og selskapet sitt styre.
- Ved bruk av eigarskapsmelding kan kommunen gje melding overfor styre og dagleg leiar kva for forventningar kommunestyret har til selskapet.

Styret har elles det overordna ansvar for forvaltninga av selskapet, tilset dagleg leiar og er dagleg leiar sin overordna.

3.1.6 Stiftingar

Stiftingar vert regulert i «stiftelsesloven av 15. juni 2001». Ei stifting har inga eigarar eller deltakarar. Stiftarane har ikkje rådvælde over ev. verdiar som er overført til stiftinga og ein slik organisering passar difor best når stiftarane vil gi ei organisering full fridom.

Ei stifting blir leia av eit styre som er oppnemnd i tråd med vedtektene og stiftinga må ha eit bestemt føremål for verksemda.

4. Eigarinteresser

4.1 Skjematisk oversyn – selskap der Gol kommune er eigar eller deltakar med meir enn 5 % av selskapet eller eig aksjar til ein verdi større enn 1 mill. kr.



4.2 Oversyn – selskap eller samarbeid der Gol kommune er direkte eigar eller deltakar med bundne avtale om drift

4.2.1 Vertskommunesamarbeid- § 28 (Kommunelova)

| Selskap | Starta år | Gol sitt kjøp (mill. kr.) | Utgifter (mill. kr.) |
|---|-----------|----------------------------|---------------------------|
| NAV Gol/Hemsedal (Gol er vertskap) | 2013 | 12,008 (2014) | 17,028 (2014) |
| Hallingdal barnevernsteneste (Ål er vertskap) | 2011 | 12,795 (2014) | 44,972 (2014) |
| IKT Hallingdal ¹⁾ | 2014 | 6,289 (2014) ¹⁾ | 9,464(2014) ¹⁾ |

¹⁾ Oppstart som eige samarbeid i 2014 – rekneskap 2014 for Gol er inkl. kostnader til regionråd og andre kommunar i Hallingdal (fagansvarskommuner)

4.2.2 Interkommunalt samarbeid – § 27 (Kommunelova)

| Selskap | Starta år | Gol sitt kjøp (mill. kr.) | Utgifter (mill. kr.) |
|--|-----------|---------------------------|----------------------|
| Skatteoppkreveren i Hallingdal | 2005 | 1,001 (2014) | 4,966 (2014) |
| Hallingdal Etablerersenter ¹⁾ | 2001 | 0,093 (2014) | 1,309 (2014) |

¹⁾ Selskapet er ikkje formelt oppretta som § 27-selskap

4.2.3 Interkommunale selskap – IKS

| Selskap | Oppretta år | Gol sin eigardel i % 31.12.2014 | Gol sitt kjøp (mill. kr.) |
|--|-------------|---------------------------------|---------------------------|
| PPT og OT for Nedre Hallingdal IKS ¹⁾ | 2003 | 30,11 % | 2,127 (2014) |
| Kommunerevisjon IKS | 2003/2010 | 8,33 % | 0,603 (2014) |
| Hallingdal Renovasjon IKS | 1980 | 20,20 % | 6,856 (2014) |
| Hallingdal Brann- og Redningsteneste IKS – feiing | 2003 | 36,45 % | 0,694 (2014) |
| Hallingdal Brann- og Redningsteneste IKS – beredskap | 2003 | 36,45 % | 3,714 (2014) |
| IKA Kongsberg IKS | 1995 | 1,74 % | 0,309(2014) |

¹⁾ Frå 1.1.2014 aukar dette til 30,11 %

4.2.4 Heileigde aksjeselskap (AS)

| Selskap | Oppretta år | Gol sin eigardel i % | Aksjekapital |
|----------------------------|-------------|----------------------|--------------|
| Gol Kommunale Eigedomar AS | 2002 | 100,00 % | 25.000.000 |

4.2.5 Deleigde aksjeselskap (AS) – selskap der Gol kommune sin eigardel > 20.000

| Selskap | Oppretta år | Gol sin eigardel i % | Aksjekapital |
|---|-------------|----------------------|--------------|
| Gol skysstasjon AS | 1990 | 50,00 % | 1.200.000 |
| Gol Sentrum AS | 1992 | 34,01 % | 147.000 |
| Vinn Hallingdal AS | 1991 | 28,00 % | 125.000 |
| Hallingdal Kraftnett AS | 1994 | 21,92 % | 200.000.000 |
| Gol Reisemål AS | 1995 | 7,00 % | 500.000 |
| Vardar AS | 1996 | 0,89 % | 268.561.000 |
| Hallingdal Næringshage AS (K-sak 70/2014) | 1991 | 4,48% | 1.925.905 |

4.2.6 Stiftingar

| Selskap | Oppretta år | Gol sin eigardel i % | Aksjekapital |
|-----------------------------------|-------------|----------------------|--------------|
| Stiftelsen Hallingdal Krisesenter | 1984 | | |

4.3 Oversyn – selskap som Gol er indirekte eigar av

4.3.1 Aksjeselskap (AS)

| Selskap | Eigarskap gjennom selskap | Gol sin eigardel i % | Aksjekap. |
|---------------------------|---|----------------------|------------------|
| Hallingdal Trepellets AS | Hallingdal Kraftnett AS | 6,80 % | 5.000.000 (2014) |
| Hallingdal Bio Energi AS | Hallingdal Kraftnett AS Hallingdal Renovasjon IKS | 14,04 % | 3.600.000 (2014) |
| Torpomoen Drift AS | Hallingdal Kraftnett AS Hallingdal Brann- og Redningsteneste IKS Torpomoen Drift AS - egne aksjar | 8,41 % | 150.000 (2014) |
| Geilo Bioenergi AS | Hallingdal Bio Energi AS | 13,47 % | 500.000 (2014) |
| Hemsedal Bioenergi AS | Hallingdal Bio Energi AS | 6,73 % | 1.500.000 (2014) |
| Hallingkonsult AS | Hallingdal Kraftnett AS | 17,93 % | 110.000 (2014) |
| Flå IT-senter AS | Hallingdal Kraftnett AS | 10,96 % | 400.000 (2014) |
| Kittilsviken Kraftverk AS | Hallingdal Kraftnett AS | 4,38 % | 125.000 (2014) |
| Retura Val-Hall AS | Hallingdal Renovasjon IKS | 10,10 % | 1.000.000 (2014) |

I tillegg finst det ein del selskap som er indirekte eigd, men som må vere å oppfatte som relatert til bransjen for selskapet som eig dei eller som er heilt marginalt eigarskap.

4.3.2 Indirekte eigde aksjeselskap

| Selskap | Eigarskap gjennom selskap | Gol sin eigardel i % | Aksjekap. (mill. kr.) |
|---|---|----------------------|-----------------------|
| Norsk Enøk og Energi AS | Hallingdal Kraftnett AS | Marginalt | 1.750.000 (2014) |
| ATB Nett AS | Hallingdal Kraftnett AS | 14,29 % | 140.000 (2014) |
| Vardar Vannkraft AS (tidl. Uste Nes AS) | Vardar AS | 0,89 % | 203.428.800 (2014) |
| Rekom AS | Hallingdal Renovasjon IKS | Marginalt | 2.349.500 (2014) |
| Ren AS | Hallingdal Kraftnett AS | Marginalt | 140.000 (2014) |
| Grønn Kontakt AS | Hallingdal Kraftnett AS | 1,70 % | 1.017.880 (2014) |
| Nettalliansen AS | Hallingdal Kraftnett AS | Marginalt | 760.000 (2014) |
| Vardar Eiendom AS | Vardar AS | 0,88 % | 4.030.000 (2014) |
| Vardar Eurus AS | Vardar AS | 0,80 % | 68.762.841 (2014) |
| Øvre Eiker Fjernvarme AS | Vardar Varme AS (Vardar AS) | 0,89 % | 100.200 (2014) |
| Vardar Boreas AS | Vardar AS | 0,89 % | 3.000.000 (2014) |
| Vardar Vannkraft AS | Vardar AS | 0,89 % | 203.428.800 (2014) |
| Vardar Varme AS | Vardar AS | 0,89 % | 2.200.000 (2014) |
| Ål Utvikling AS | Hallingdal Trepellets AS Hallingdal Renovasjon IKS | Marginalt | |
| Gol Sentrum AS | Vinn AS | Marginalt | |

Det er også andre samarbeidsformar som Gol kommune forpliktar seg, som har oppgjeve verdi i kommunen sin balanse eller anna. Desse blir berre nemnd i oversynet.

4.3.3 Andre samarbeidsformar

| Selskap | Beskriving |
|---|---|
| Kommunenes opplæringskontor i Buskerud IKS | Samarbeids- og serviceorgan for eierne med ansvar for planlegging og koordinering av fagopplæring. Ideell, ikke økonomisk organisasjon. |
| Vestviken 110 IKS | Selskapet skal dekke kommunenes behov, plikter og oppgaver i forbindelse med «Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen» - nødalarmtjenester, avtaler og dokumentasjon |
| KLP | Selskapet skal ivareta medlemmenes behov for tjenestepensjonsordninger. Selskapet kan også enten selv eller gjennom deltakelse i andre selskaper tilby andre pensjons- og forsikringsprodukter, og kan delta i eller drive enhver virksomhet som naturlig henger sammen med forsikringsvirksomhet og enhver annen virksomhet som er tillatt for livsforsikringselskaper, herunder administrasjon og forvaltning av pensjonskasser |
| Regionrådet i Hallingdal | Regionrådet for Hallingdal er eit politisk samarbeidsorgan for dei 6 kommunane i Hallingdal. Ordførarane i Hallingdal utgjør Regionrådet |
| Hallingdal Lokalmedisinske senter | Intensjonsavtale – K-sak 19/2012 |
| Biblioteksentralen AL | Være et serviceorgan for alle typer offentlige biblioteker. Biblioteksentralen har til oppgave å være hovedleverandør av produkter og tjenester til biblioteker og lignende institusjoner. |
| Husfliden Hallingdal AS | Produksjon og sal av bunader og husflidsartiklar, og å støtte og utvikle god husflidstradisjon, i Hallingdal, samt deltaking i selskap med liknande verksemd. |
| Kommunekraft AS | Formidle kraft, herunder konsesjonskraft på vegne av aksjonærkommunene til best mulig kommersielle betingelser i det åpne markedet |
| Hallingdal Teaterverkstad | Stifta 16.12.1987. Non-profit-organisasjon |
| Miljøretta helsevern | Interkommunalt samarbeid som arbeidar for og saman med kommuneoverlegane i alle dei 6 hallingdalskommunane. Avdelinga deler lokale med lokalkontoret til Matilsynet |
| Interkommunalt samarbeid om nattlegevakt Hallingdal | Sjå K-sak 39/2007 og K-sak 1/2011 |
| Læringssenteret Gol | Interkommunalt samarbeid mellom kommunane Flå, Nes, Gol og Hemsedal som gir tilbod om kurs i norsk med samfunnskunnskap for framandspråklege på alle nivå samt eksamensretta grunnskuleopplæring for busette i alle kommunane i Hallingdal. |
| LVK – Landsamanslutninga av VassdragsKommunar | Organisasjonen sin hovudoppgåve er å ivareta medlemskommunane sine interesser i saker om kraftutbygging. |
| LNK - Landssamanslutning av NynorskKommunar | Organisasjonen arbeidar for å skape positive haldningar til nuorsk språk og kultur og for at kommunane og tyresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk |
| Norsk Kulturarv | Gol kommunestyre gjorde vedtak om at Gol kommune skulle bli medlem av Norsk Kulturarv. Dette er ei ideell stifting med føremål å bidra til vern av kulturarven gjennom berekraftig bruk. |

4.4 Vertskommunesamarbeid etter § 28 i Kommuneloven

4.4.1 NAV Gol/Hemsedal – oppstart 1.1.2013 – [K-sak 48/2012](#)

A – Gol sin eigardel

Gol er vertskap, men er deltakar i samarbeidet etter ein samarbeidsavtale

B – Historikk – selskap

Starta opp samarbeid frå 1.1.2013 – Kommunestyresak 48/2012

C – Historikk – dagleg leiing

Frå etablering til d.d. – Bjørn Skjelseth

D – Formål og målsettingar (samarbeidsavtalen sitt punkt 2):

Formålet med samarbeidsavtalen er, i samsvar med målene i arbeids- og velferdsforvaltningsloven i fellesskap å arbeide for å få flere i arbeid og aktivitet og færre på stønad. Videre at tjenestene skal oppleves som enklere og være tilpasset brukernes behov, og at det utvikles en helhetlig og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning

E – Aksjekapital – andelskapital

Ikkje aktuelt

F - Økonomi – historisk (heile 1.000 kr.)

| Rekneskapstal: | 2013 | 2014 |
|------------------------|-------------|-------------|
| Driftsinntekter | 239 | 457 |
| Driftsutgifter | 14.786 | 17.028 |
| <i>Herav Gol</i> | | |
| <i>Driftsinntekter</i> | 172 | 411 |
| <i>Driftsutgifter</i> | 9.866 | 12.037 |

